

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Sommarkafeen i Stardalen
Dato: 27.11.2018
Tidspunkt: Dialogmøte kl. 11:00-15:00 Styremøte kl. 15:00 – 17:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Styreleiar	Luster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Dalin	Medlem	Førde
Turid Vallestad	Vara	Førde

Merknader

Dialogmøtet var mellom nasjonalparkstyret og rådgjevande utval og administrative kontaktpersonar. Styremøtet varte frå kl 15.00 til 17.00. Jarle Aarvoll gikk ca kl 15.00.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn
Bente Støa	Nasjonalparkforvaltar
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____ Ivar Kvalen _____ Einar Målsnes _____

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 38/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 39/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 40/18	Orienterings- og drøftingssaker <ol style="list-style-type: none">1. Ny, fast stilling i sekretariatet utlyst, vonleg blir det tilsetjing i desember.2. Orientering om verandadør på Sunndalssetra3. Møte med Visit Sognefjord om besøksstrategi og masterplan-arbeidet4. Mediesaker sidan sist5. Evaluering av dialogmøte6. Anna		
RS 32/18	Rapport frå køyring til Bødalssetra for 2017 og 2018		2017/2141
RS 33/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - sluttrapport frå restaurering av sel på Sunndalssetra		2016/1754
RS 34/18	Underretning til klager - politimelding av droneflyging over Bøyabreen	X	2018/3125
RS 35/18	SNO sin årsrapport for 2018 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2014/4570
DS 36/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - løyve til helikopterlanding i Austerdalen/Lodalen - Hogrenning		2018/3981
DS 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tiltak på køyrespor inn til Bødalsseter etter flaumen oktober 2018		2018/3861
ST 41/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2019		2018/3773
ST 42/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2019		2014/42
ST 43/18	Eventuelt		

ST 38/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 39/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Handsaming i møte

Ivar Kvalen foreslo Einar Målsnes til å skrive under protokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 40/18 Orienterings- og drøftingssakar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Orienterings- og drøftingssaker:

1. Ny, fast stilling i sekretariatet utlyst, vonleg blir det tilsetjing i desember. Fristen er 2. desember, og stillinga ligg ute på jobbnorge.no, Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Fylkesmannen sine heimesider, samt på Facebook. Ila kort tid nådde den ut til 4500 personar via sosiale medier. Styreleiar får rutinemessig tilbod om deltaking i tilsettingsprosessen frå Fylkesmannen si side. Sven Flo orienterte om sitt engasjement som ordførar i saka om lokaliseringa av den nye forvaltaren, og at den nye forvaltaren burde ha kontor plass på Sandane eller i Stryn. Styret ønska uttalen tilsendt. Styret lufta mogelegheita for at sekretariatet uansett bør ha nokre kontordagar ila året i Stryn, anten på rådhuset eller på nasjonalparksenteret. Oddmund Klakegg utfordra Fylkesmannen om plassering av forvaltarane i det nye Vestland fylket.

2. Orientering om verandadør på Sunndalssetra. Styret har motteke bilete av verandadøra som vart satt inn i staden for eit vindauge. Tiltakshavar fekk løyve til å byte ut vindauge, og at det skulle følgje byggeskikken på staden, jf. vegleiinga frå Fylkeskommunen. Verandadøra er no kledd med panel på nedste tredjedel av døra. Styret meiner at det opphavlege vedtaket står ved lag, og at tiltakshavar må byte ut døra med eit vindauge, som det opphavleg vart gjeve løyve til. Vindauget må følgje byggeskikken på setra, slik det står i forskrifta. Endringa må vere utført innan byggjeløyvet går ut i 2019, elles må styret opprette rettingssak, jf. tidlegare saksutgreiingar.

3. Møte med Visit Sognefjord om besøksstrategi og masterplanarbeidet.

Visit Sognefjord jobbar med sin masterplan for reiselivet, og forvaltarane vart invitert til dialogmøte med reiselivet i Sogn. Sekretariatet har også avtalt møte med Sunnfjord-regionen ilt vinteren. Sekretariatet tek initiativ til møte med Visit Nordfjord også, då dei også skal i gong med sitt masterplanarbeid. God dialog med reiselivet er ei føresetnad for god besøksforvaltning.

4. Mediesaker sidan sist

Oppslag om styret si uttale om catskiing på Strynefjellet vart tema for redaktøren i Fjordingen, og vi fekk publisert ei oppklaring om kva styret meinte i saka. Styreleiar meiner likevel vi ikkje treng å skrive tilsvar til alle eventuelle oppslag i lokalavisene. Forvaltar sender ut artiklane og kommunikasjonen om saka til dei styremedlem som ønskja det. Styret ønskjer at sekretariatet lagar pressemeldingar om brukarundersøkinga for å spreie informasjon til media.

5. Evaluering av dialogmøte

Styret var veldig nøgd med oppmøtet (til saman 25 personar) og dei gode diskusjonane som føregjekk under gruppearbeidet. Styret var også nøgd med presentasjonen frå NINA v/ Odd Inge Vistad om brukarundersøkinga og sårbarheitsvurderingane på Kattanakk-stien. Til neste dialogmøte bør ein ha betre tid, slik at ein kan ta god ein runde rundt bordet. Styret synst også det var fint å få konkretiserte innspel på innfallspornivå, men skulle også hatt betre tid på gruppearbeidet.

6. Anna

Ivar Kvalen orienterte om temamøte om verneområda til Luster under eit kommunestyremøte, der Jotunheimen, Breheimen, Jostedalsbreen, SNO og Verdsarven Urnes orienterte. Han oppmoda andre kommunar til å også invitere nasjonalparkforvaltar(ane) til slike møte, og at tilbakemeldingane etter kommunestyremøtet var positive.

RS 32/18 Rapport frå køyring til Bødalssetra for 2017 og 2018

RS 33/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - sluttrapport frå restaurering av sel på Sunndalssetra

RS 34/18 Underretning til klager - politimelding av dronedeflyging over Bøyabreen

RS 35/18 SNO sin årsrapport for 2018 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

RS 36/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - løyve til helikopterlanding i Austerdalen/Lodalen - Hogrenning

DS 6/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tiltak på køyrespor inn til Bødalsseter etter flaumen oktober 2018

ST 41/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2019

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Handsaming i styret

Tiltaksplanen for 2019 inneber ei auka totalramme på midlar. Styret var opptekne av at arbeidsinnsatsen til sekretariatet primært må fokusere på besøksstrategi og forvaltningsplan, slik at den blir godkjent innan fristen i 2020. Styret vil vurdere arbeidsinnsats på planar vs tiltak i første styremøte i 2019, når styret har fått ramma for tiltaksmidlane og kan gjere ei endeleg prioritering.

Styret meiner at ein bør ha gode avtaler for drift og vedlikehald på dei tiltaka der styret går inn med statlege investeringsmidlar. Sekretariatet utarbeider slike avtaler i samråd med styreleiar i forkant av endeleg prioritering/igangsetjing av tiltaka.

Bestilling av tenester frå SNO: Nasjonalparkstyret gav SNO-Jostedalsbreen gode tilbakemeldingar på årsrapporten og arbeidet i nasjonalparken. SNO understreka at enkelte av bestillingane, t.d. fjerning av øydelagde designskilt, også må ha øyremerka midlar, til mellom anna traktor og maskinell bistand. Dette kan løysast i endeleg prioritering i bestillingsdialogmøte 2 i februar/mars. Det trengs også meir enn ein dag til å byte ut gamle vernegrenseskilt.

Om ferdselsteljarane meinte styret at ein bør prioritere Kjenndalen, og stryke Briksdalen, då Vestlandsforskning har planar om ein der.

Samstemmig vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek tiltaksplanen og bestillinga frå Statens naturoppsyn jf. vedlegga.

ST 42/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2019

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Handsaming i møte

Styret ba sekretariatet sende ut framlegg til møtedatoar for våren via doodle. Karen Marie Hjelmeseiter ønskja vårmøtet anten tidleg i april eller seint i mai. Junimøtet kan sløyfast dersom det ikkje er presserande saker. Styret ville på synfaring anten på Tungestølen, eller i Haugadalen. Styret vil lage til eit arrangement i Sunndalen når stien er ferdig.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2019 for å arbeide vidare med forvaltningsplan og besøksstrategi. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årsjul:

- Februar/mars: Styremøte på Gloppen hotell (bestillingsmøte 2)
- April/Mai: Styremøte, ev med synfaring

- Juni: Styremøte, ev på telefon
- August/September: Styremøte, ev opning av drifteveg i Sunndalen
- Oktober: Nasjonalparkkonferanse (tidspunkt er usikkert)
- November/desember: Styremøte/ dialogmøte med rådgjevande utval (bestillingsmøte 1)

Dersom det blir nasjonalparkstyrekonferanse i Trondheim, så kan styret kombinere konferansen med eit styremøte. Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Forvaltar sendar ut framlegg til konkrete datoar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner innspel til budsjett for året 2019. Sekretariatet sender over budsjettframlegget innan fristen den 10. januar 2019. Mindre endringar kan gjerast i samråd med Fylkesmannen.

ST 43/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Vedtak

Ingen saker.